

# Årsmelding for eldrerådet i Øystre Slidre kommune 2010.

Eldrerådet 2008-2011 består av:

Medlem	Varamedlem
Tore Gran, leiar	Ingri Martinsen
Ingrid Høgden, nestleiar	Wencke Windingstad
Erling Viken	Arvid Gulbrandsen
Bente Ovhovd, Sp	Berit Holtermann Flaaten, Ap
Gustav Fystro, V	Magnhild Strand, Sp

Arvid Gulbrandsen møter no fast i rådet etter Erling Vikens bortgang i året som gjekk.

Rådet har halde 4 møter i 2010 med i alt 29 saker.

Saker som er handsama er m.a.:

*Sjukeheimen.* Sjukeheimsleiar orienterte rådet i januar. Etter all uro som overbeleddget i 13 måneder skapte, er det ved årets start ro om saken. Det er 5 nye rom i kjelleren. I tillegg er 1-2 plasser leigde ved sjukeheimen i Sør-Aurdal. Bemanning er ok og sjukefråvær er om lag som elles i kommunen. Rådet har i fleire omganger tatt opp at det må vurderas å bygga ny sjukeheimen i staden for den vi har. Dette er no med i kommunestyrets budsjettvedtak.

*Heimetenesta.* Leiar for heimetenesta orienterte rådet i september. Det er no ingen vakanser og sjukefråværet er om lag som elles i kommunen (lågt kortidsfråvær).

Ut frå SSB-statistikk ser det fortsatt ut til at heimetenesta er underbamanna om lag 20% samanlikna med andre kommunar. Dette er tatt opp fleire gonger i rådet, men heller ikkje no tatt med i budsjettsamanhang.

*Frivilligsentralen.* Denne starta opp i januar og fungerer allerede særsla bra. To medlemmer i rådet gjekk ut av samhandlingsstyret etter eige ønske i mai.

*Moabygde burettslag.* Desse eldreboligane kan no vera vanskeleg å selje. Rådet har foreslått ei løysing.

*Legekontor.* Dei nye kontora er no i bruk og turnuskandidat på plass.

*Utkjøring av mat.* Desse fekk frivilligprisen for 2009 for den fine jobben dei gjer.

*Innsamling til Festusbuss.* Dette er no overteke av eldrerådet etter ønske fra dei private aktørane i tråd med inngått avtale.

*Den kulturelle spaserstokken.* Her fekk kommunen for fyste gong midlar frå K-dep. Rådets leiar har samabeida med kultursjefen om dette.

*Eldrefest.* Årets fest vart halde 1. okt med 50 personar tilstades.

*Reglement for rådet.* Rådet ba om dialog med kommunen om dette i april.

*Kollektivtransport i distrikta (KID).* Rådet tok opp denne saka på nytt og fekk avslag på dette frå rådmannen.

Eldrerådet har i 2010 vært representert på følgande møte:

Eldreraða i Oppland på vår- og haustkonferanse, to samlingar for råda i Valdres, fleire møte om DMS/hesletun i Valdres. Vidare i levekårsmemnda, kommunestyret i mai om frivilligsentral, budsjettmøte i formannskapet, samt samhandlingsstyret for frivilligsentralen.

Heggenes, 14 januar 2011.

Tore Gran, leiar